

Høyringsvar – ny viltressurslov



Den gamle «viltlova» skal erstattast av ei ny «viltressurslov» og denne er no kome på høyring. Lova er oppdatert på fleire område og harmonisert med anna og nyare lovverk. Det viktigaste i den nye lova er oppdateringar i høve regulering av ny teknologi til jaktbruk. Her er Norsk Hjortesenter sitt høyringsvar til ny viltressurslov.

Gamal «viltlov» erstatta av ny «viltressurslov»

Departementa har gjort ein god jobb med å modernisere «Viltloven», eit arbeid som var på høg tid å få gjennomført. Den nye lova, viltressurslova, tek i større grad omsyn til viltet, og det vert understreka at lova er underlagt føringane i naturmangfaldlova og i dyrevelferdslova, og at lova har som formål å sikre ei berekraftig forvaltning av viltet.

I forslaget til ny formålsparagraf, paragraf 1, heiter det:

Formål

Loven har til formål å sikre en bærekraftig forvaltning av viltet, slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares og at dyrevelferden ivaretas. Viltet skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og dyrevelferdsloven.

Innenfor denne ramme kan viltressursene høstes gjennom utøvelse av jakt og fangst, og reguleres gjennom felling og annen håndtering av vilt.

Ta vare på artane sine leveområde

Den nye formålsparagrafen har teke ut ordlyden «ivaretagelse av viltets leveområder». Det er uheldig. Naturtap er hovudårsak til at mellom anna villreinen er truga, at trekkruter vert stengde, og at våtmarksområde forsvinn til fordel for næringsareal, for å nemne nokre eksempel. I perspektiv av at vi har ei akselererande natur- og klimakrise er det viktig at den nye lova ikkje svekker eit etablert rettsvernet for artane sine leveområde. Agder Fylkeskommune påpeiker at fjerning av dette punktet vil gjere at heimelsgrunnlaget for fylkeskommunen si rolle i å ta vare på vilt i arealplansaker vert svekka. Formålet med viltressursloven bør etter vårt syn framleis omfatte ivaretaking av viltet sine leveområde.

Viltressurslova må ansvarleggjere grunneigarane og forvaltninga

Norsk Hjortesenter vil hevde at det også er behov for meir eksplisitt å ansvarleggjere dei som forvaltar viltressursen, det vil seie alle aktørar i forvaltninga inkludert grunneigarane som er gjeve jaktretten. Ei slik ansvarleggjering av dei som har rettane til ein ressurs er ikkje noko nytt i norsk forvaltning, og mellom anna finn vi følgjande formulering innanfor skogforvaltninga, der det står i i St.meld. nr. 17 (1998–99) (skogmeldingen) kap. 1.1 (s. 9):

”Ansvaret for å forvalte naturressursene – og det spekteret av verdier de representerer – hviler både på samfunnet og på enkeltmennesker. Ikke minst er det viktig at de som eier og råder over ressursene ivaretar sitt forvalteransvar – det hviler en forpliktelse på den som eier til også å drive bærekraftig forvaltning. Utøvelsen av forvalteransvaret sier noe om

respekten for tidligere generasjoners innsats og om solidaritet med kommende generasjoner, og er et uttrykk for verdisyn i samfunnet og hos den enkelte.”

Norsk Hjortesenter vil difor foreslå å endre formålsparagrafen til å inkludere følgende:

*Loven har til formål å sikre en bærekraftig forvaltning av viltet **og dets leveområder**, slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares og at dyrevelferden ivaretas. Viltet skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og dyrevelferdsloven, **og ansvaret for dette påhviler både samfunnet og de som har råderetten over ressursen.***

Innenfor denne ramme kan viltressursene høstes gjennom utøvelse av jakt og fangst, og reguleres gjennom felling og annen håndtering av vilt.

Subsidiært kan vårt forslag takast inn i § 29:

§ 29 Grunneiers enerett til jakt og fangst

*Grunneier har enerett til jakt og fangst, med mindre annet følger av lov eller forskrift i medhold av lov. **Grunneiers jaktrett innebærer også en plikt for grunneier til å ivareta sitt forvalteransvar, jf. § 1.***

Ei slik direkte ansvarlegging av grunneigarane og aktørane i forvaltninga får fram at grunneigarane ikkje berre har ein rett til viltressursen, men også ei plikt til å forvalte denne i tråd med beste kunnskap, og til artane sitt beste. Etter vårt syn har grunneigarane sitt ansvar fått for lite fokus, og det er behov for å betre særleg forvaltninga av hjorteviltet, der fallande kondisjon, overbeskatning av hanndyr, låg snittalder for vaksne dyr, skeive kjønnsforhold med meir, har fått vedvare i lang tid. Vi trur at dette vil gjere at fokuset på forvaltning av viltet vert styrka, og at jegerstanden må ta sin del av ansvaret for å sikre forsvarleg forvaltning av viltressursane. Sjå til dømes: [Viltforvaltning etter økologiske prinsipp \(hjortevilt.no\)](http://Viltforvaltning etter økologiske prinsipp (hjortevilt.no))

Ny jaktteknologi – eit paradigmeskifte

Rovdyr og byttedyr

Fugle- og hjorteviltet sin økologi og biologi reflekterer at dette er byttedyr som vert jakta på av både rovdyr og menneske. Fjør- og pelsfargane harmoniserer med omgjevnadane og gjer viltet vanskeleg å sjå. Stor grad av nattaktivitet bland hjorteviltet er også ei tilpassing til å kunne beite uforstyrta der det pågår jakt. Fugl og hjortevilt har også evne til å trykke og gøyme seg når dei finn det naudsynt.

Dette er tilpassingar som er evolusjonært selektert for gjennom sameksistens med predatorar som ulv, bjørn og menneske over millionar av år, og har gjeve viltet større sannsyn til å overleve.

Jakta kan stå framfor eit nytt paradigmeskifte

Utbreiinga av kruttvåpen til jakt utover 1800t var eit viktig paradigmeskifte for jaktutøvinga og medverkande for at både rovdyra og dei store hjortedyra nærast vart utrydda i Noreg kring år 1900. Vern og regulering av jakta gjorde at ein klarte å redde og bygge opp at talrike bestandar av hjortevilt som jegerane no kan hauste av. Jakt med kruttvåpen er enno einerådande jaktform og jaktutstyret har endra seg relativt lite sidan tidleg 1900-tal. Jegerane har rett noko fått betre klede, radiokommunikasjon, betre kikkertar, betre skotøy, betre sikter, skytestativ i ulike former, og ein har utvikla bruken av jakthundar, med meir.

Men det grunnleggande ved jakta har likevel ikkje endra seg: Jegerane har måtta bruke eigne sansar for å finne viltet, det vil seie først og fremst syn, men av og til også høyrslé og lukt for å lokalisere viltet før det kunne skytast.

Ny teknologi kan no totalt endre «styrkeforholdet» mellom menneske og byttedyra. Mest aktuelt i dette høvet er teknologi som detekterer vilt, såkalla «termisk utstyr». Denne teknologien utnyttar at alle legeme avgjev varmemstråling, og at varmblodige dyr avgjev meir varme enn omgjevnadane. Sensorar i termisk utstyr fangar opp varmemstråling og overset den elektronisk til eit digitalt bilete.

Dyr og fugl vil då lyse opp på ein skjerm, og teknologien fungerer både natt og dag så lenge det er skilnad i temperatur mellom viltet og omgjevnadane. Dette er teknologi som altså gjer viltet synleg, også bak vegetasjon, og det er teknologi som dyret ikkje kan tilpasse seg gjennom evolusjonære endringar eller åtferd. Vi kan altså stå framfor eit nytt paradigmeskifte innan jakta.

Mennesket får supersansar

Innføring av ny, banebrytande teknologi som termisk utstyr gjer at vi som menneske kan få «supersansar», og med det må vi tenke nytt om kva det betyr å vere eit menneske, og kva rolle eit menneske spelar i naturen.

Det er også eit viktig perspektiv å ha med seg at tradisjonell jakt, både historisk og i notida, er ein av dei største trugslane mot bestandane av ville dyr på jorda. Og dette er ein realitet også med bakgrunn i tradisjonelt «low tech» jaktutstyr. Streng regulering har likevel gjort til at vi i Noreg har klart å auka hjorteviltbestandene vesentleg etter at dei var nær utrydda i byrjinga av 1900t. Men vi ser no likevel tilbakegang for elg og villrein. Hjorten breier seg utover landet og har potensiale til å auke av den grunn, men har for høg tettleik i ein del område mellom anna på Vestlandet.

Det er ikkje tvil om at jegerane med tradisjonelt jaktutstyr, utan termisk utstyr, er kapable til enno ein gong å utrydde hjorteviltet, dersom jakta ikkje held fram med å vere strengt regulert. Det er grunnen til at også den nye viltressurslova er full av reguleringar for å hindre overbeskatning, til dømes forbod mot bruk av lys, forbod mot bruk av luftfartøy/motorkøyretøy for å finne/jakte viltet, forbod mot bruk av tekniske middel til å spele av lokkelydar, og så vidare. Trass dette felte 134 000 jegerar i 2024 160 000 ryper, 33 000 rådyr, 52 000 hjort, 20 000 rev, 26 000 elg, med meir.

Ny teknologi og verknad på jaktutøvinga

Det er ei kjennsgjerning at lovutviklinga oftast kjem i etterkant av teknologisk utvikling, og det same gjeld i denne saka. Miljødirektoratet freista ei stund å handheve eit forbod mot bruk av termisk utstyr til nattjakt ved å syne til eksisterande lovverk der det står at det er forbod mot å bruke kunstig lys til jakt, til dømes lommelykt, jf. § 20 i viltlova. Men sjølv om både lommelykt og termisk utstyr gjer at ein kan sjå viltet i mørkeret og krev batteri, førde ikkje dette fram og politiet ville ikkje straffeforfølge sakene der jakt med termisk utstyr på natta vart meldt.

I mangel av lovregulering har mange jegerar difor investert i termisk utstyr til jakta, og særleg til nattjakt. Det finst ikkje offentleg oversikt over kor mange einingar av slikt utstyr som er selt, eller omfanget av jakt med termisk utstyr. Men vi kjenner til fleire jegerar som har slutta å jakte på dagtid og berre jaktar om natta. Mange ringer Hjortesenteret av di dei er bekymra for utviklinga og at særleg hjorten no vert overbeskatta. Og mange påpeiker og ei fare for auke i uttaket av vaksne hanndyr (trofêdyr).

Lovforslaget som er sendt ut på høyring har landa på ein mellomting når det gjeld regulering av bruk av termisk utstyr til jakt. I forslaget legg ein opp til at jegerane kan nytte handheldne einingar, men at det skal vere forbod mot termiske siktemiddel på jaktvåpena. Då er det å forvente at omfanget av nattjakt etter hjortevilt vil gå ned att.

For å vurdere effekten av å tillate bruk av termisk utstyr kan ein dele jakta inn i tre fasar: 1) Finne eit vilt. 2) Komme i posisjon og deretter avlive viltet med eit sikkert skot. 3) Frakte viltet til gards og nytte kjøtressursen.

Etter Norsk Hjortesenter sitt syn vil termisk utstyr ha særleg verknad på fase 1, det å finne viltet, både natt og dag. Vilt er her ikkje avgrensa til hjortevilt, men gjeld også fugl og rovvilt. Vår erfaring er at det å finne er viltet den mest tidkrevjande delen av jakta, og den der erfaring og kunnskap har størst betydning. Kjøp av termisk utstyr vert då ein «quick fix», der ein i stor grad kan late teknologien finne viltet. Følgeleg vil det verte enno viktigare å regulere jakta gjennom kvotar, og at forvaltninga kjenner bestandsnivået for å legge seg på eit høveleg haustingsnivå kvart år.

Vi har per i dag ingen gode estimeringsmetodar av bestandsstorleik for viltet, men må lite på indikatormetodar gjennom registreringar i felt eller registreringar som jegerane gjer i Sett-og -skutt appen under jakt. Diverre har utbreiinga av termisk utstyr gjort at

fleire av indikatorane ikkje lenger er til å stole på ved at sette dyr aukar dramatisk når ein tek i bruk termisk utstyr, sjølv om bestanden er uendra eller som mange stadar, minkande. Her er det eit stort behov for å oppdatere både registreringsrutinar i Sett-og-skutt-appen, og greie ut om konsekvensane av utstrekt bruk av termisk utstyr i jaktsamanheng.

Nye jaktformer og tradisjonar for fall

Mange har endra jaktutøvinga si vesentleg som følgje av at dei har teke i bruk termisk utstyr. Vi har ingen god oversikt over omfanget, men syner til følgande eksempel frå sosiale media:

- Ein kunne fortelje at han no køyrer i dalbotnen og scannar dalsidene med termisk kikkert. Når han finn dyra går han innpå og skyt dei, eller riggar seg til med skytestativ attmed vegen og skyt dei på langt hald («langhaldsskyting»).
- Ein har byrja å postere i fjell på natta, skog og ved innmark og scannar etter vilt med termisk kikkert, særleg hjort. Han skyt gjennom heile natta, uavhengig av vær, fullmåne og lysnivå.
- Ein har funne stor nytte av termisk kikkert til å finne og skyte dei største bukkane, og til å finne dei «mindre attraktive» dyra som også skal fellast.
- Ein fortel at det mykje lettare å finne vilt, og jakteffektiviteten har gått vesentleg opp, men at det vert stadig færre dyr å jakte på.

Termisk utstyr og tryggleik

Det vert hevda at bruk av termisk utstyr gjer jakta sikrare og reduserer talet på ettersøk. Det finst ingen systematiske studiar på dette, men vi reknar denne påstanden som lite sannsynleg. Voss kommune v/viltforvaltar har rapportert om fleire ettersøk med utbreiing av termisk utstyr til nattjakt¹⁾, medan ein ettersøksjeger i Stryn kommune har stått fram i media²⁾ og melder om færre ettersøk.

Fleire episodar med skadeskytingar i Kinn kommune denne hausten³⁾ der jegerane berre har jakta om natta med termisk utstyr, understrekar at jegerane verken vert betre skyttarar eller får betre dømmekraft, sjølv om eit tradisjonelt sikte vert bytta ut med eit elektronisk, termisk sikte.

Ettersøk etter vilt om natta er vanskelegare enn ettersøk på dagtid, og til dømes kan ein ikkje nytte jegerane i eit jaktlag ved å sette ut ei postrekke for auke sjansen til å avlive eit skadd dyret.

Ferdslø i terrenget om natta for ettersøks-ekvipasjar er sjølv sagt mogleg, men det vil etter vårt syn kome i konflikt med anna lovverk om ettersøksekvipasjar blir pålagde å rykke ut til alle døgnets tider som følgje av jaktutøving. Vår erfaring er at ettersøk gjerne vert utsett til det vert dagslys, og dette medfører at dyra lir lenger. I verste fall vil aktiv nattjakt føre til at færre melder frå om skadeskyting, og dette vil føre til meir dyrelidingar.

Vi minner og om at det dei siste åra har blitt skote 2 personar under nattjakt med termiske sikter^{4,5}), der jegerane har feiltolka bileta som vert teikna digitalt i sikta. Og i Alver skaut ein jeger to sauer om natta med bruk av termisk kikkert⁶). Han trudde han skaut hjort.

Framtidsjegeren

Mange menneske jaktar for å kome vekk frå samfunnet sitt stress med støy, tidsfristar og digitale skjermar. Naturen gjev stillheit, naturopplevingar og fysisk meistring og utfolding tilbake. Jaktresultatet vil alltid henge saman med innsatsen, og etter vårt syn er det ynskjeleg at flest mogleg kan halde fram med jakt. Auka jegereffektivitet er såleis ikkje nødvendigvis eit gode.

Omsynet til omdøme er viktig for å legitimere jakt. Dersom jegerane kjem på nivå med militære elitesoldatar i utstyrsnivå når det gjeld våpen, siktemiddel og overvåkingsutstyr, er vi av den oppfatning at dette vil vere uheldig for jakta sitt omdøme og at det er ei lite ynskjeleg utvikling.

Men det er viktig at jegerane, særleg når det gjeld hjortevilt, haustar tilstrekkeleg av tilveksten for å hindre at stammene veks seg problematisk store. Nøkkelen for å gjere dette er sjølvstgått å skyte nok kalv og hodyr.

Når til dømes hjortestammen har halde fram å vekse trass mål om stabilisering av stamma, så skuldast dette for låg beskatning av hodyra og for høg beskatning av hanndyra. Dei kommunane som har vore flinke til å gje nok fellingsløyve til hodyr har naturleg nok klart å kontrollere og redusere stammene av hjort.

Hjortesenteret si meining om den nye viltressursloven og teknologi, § 23:

- Departementa sidestiller lommelykt og termisk utstyr. Det tenkjer Hjortesenteret er klokt. Både lommelykt og termiske siktemiddel bør vere forbode til bruk under jakt av omsyn til både folk og vilt. Nattjakt er forbode i dei fleste europeiske land, og lovverket bør ikkje legge til rette for å utvikle meir nattjakt i Noreg. Vi støttar difor Departementene sitt lovutkast. Lovutkastet har opning for at det kan gjevast unntak for dette forbodet, slik at ved særskilde behov kan det gjevast løyve til uttak av dyr der jegerane kjem til kort, eller det av spesielle grunnar ikkje vert jakta. Det er fornuftig.
- Lovutkastet opnar for fri bruk av handheldne termiske einingar til jakt. Dette vil auke jakteffektiviteten i mange terrengetypar ved at viltet lettare kan lokaliserast. For ein del artar, som til dømes rype eller hjort, kan dette medføre vesentleg risiko for overbeskatning og må i neste omgang møtast med nye reguleringar. Etter Hjortesenteret si oppfatning bør det gjevast midlar til ei konsekvensutgreiing av å tillate slike jaktreiskapar før det eventuelt vert opna for bruk av dei.

- Etter Hjortesenteret sitt syn er mennesket ein del av naturen. Mennesket er dyktige jegerar med gode sansar, særleg synet. Men mennesket kjem til kort i nattemørket. Dette gjer at til dømes hjorten kan få fred delar av døgnet. Bruk av teknologi som gjev oss supersansar vil for mange bryte med «fair play» - at viltet også skal ha ein sjanse. Utan grensesetting vil teknologien snart gje oss høve til å jakte med droner frå gutterommet døgnet rundt. Er vi då ein del av naturen? Vi etterlyser ei drøfting av dei etiske og moralske sidene ved jakta i samband med aukande teknologifisering og effektivisering av jakta.

Finansiering av ettersøk som ikkje er relatert til jakt, § 51

I den nye viltressurslova er det føreslege i paragraf § 51 som omfattar ettersøk etter mellom anna trafikkskadd vilt, i tredje avsnitt at:

Kommunale viltfond kan benyttes til å dekke kommunens kostnader etter første ledd.

SNH meiner at det er urimeleg at kommunale viltfond skal ta kostnadane for at biltrafikk skadar eller drep ville dyr. Skal ein vere konsekvent må det vere slik at skadevaldar, det vil seie vegeigar eller bilistane, må ta ansvar for dei lidningane som trafikk påfører ville dyr. Dersom eit slikt økonomisk ansvar vert lagt til vegeigar, vil dette skape eit sterkare insentiv til å jobbe meir med førebygging.

Finansiering av trafikkskadd vilt kan til dømes gjerast ved at ein aukar vegavgifta med kr 20, noko som vil dekke kostnadane med ettersøka. Det vil krevja politisk vilje og handlekraft for å endre den uheldige praksisen om å finansiere ettersøk etter trafikkskadd vilt som ved eit mistak vart etablert ved oppretting av dei kommunale viltfonda i 2012.

Ordlyden i lova seier «kan», og vi tolkar lovforslaget til at lova då ikkje vil stenge for å finne betre løysingar enn dagens praksis. Departementene er kjend med vårt synspunkt på dette, og vi ber departementet prioritere arbeidet med meir akseptable løysingar for finansiering av ettersøk som ikkje er relatert til jakt.

Vi stør forslaget om å innføre fellingsavgift for rådyr. Dette vil auke statusen til rådyret som vilt, men vi er ueinige at fellingsavgifta skal kunne nyttast til ettersøk etter trafikkskadd vilt.

Revisjon av forskriftene bør kome raskt

Ei oppdatering av viltlova er kjærkomen. Mykje er bra med lovutkastet og vi har forhåpning om at den nye viltressursloven vert enno betre etter at høringsrunda er gjennomført og innspela er vurderte.

Det vil vere behov for å revidere «Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028» og «Forskrift om forvaltning av hjortevilt» etter at ny viltressurslov vert godkjent.

I høve jakttdsforskrifta bør ein sjå på regulering av jakt i høve årstid, døgn og kjønn.

I høve Hjorteviltforskrifta bør ein spesielt sjå på kriteria for tildeling av kvotar. Både i høve jakt på artar der jakt har pågått over tid og ein har utfordring med å redusere tettleik, og spesielt i område der det skal opnast for jakt på ein ny art.



Stein Joar Hegland
-styreleiar Stiftinga Norsk Hjortesenter



Jon Anders Stavang
-dagleg leiar Stiftinga Norsk Hjortesenter

Referansar:

- 1) Muntleg samtale, Voss kommune.
- 2) [– Nesten ikkje ettersøk etter at jegerar tok i bruk termiske sikte - fjordingen.no](#)
- 3) Muntleg samtale med Ytre Fjordane Ettersøksring
- 4) [Krim, Fengsel | Norsk villsvinjeger dømt til fengsel for å ha skutt en svensk jogger](#)
- 5) [26-åring skutt og drept på revejakt: - Jegeren \(41\) brukte varmesøkende sikte](#)
- 6) [Landbruk, Jakt | To sau skutt under hjortejakt: – Risikerer å få seg ei kule i baken når man plukker bær](#)